



# VINDAFJORDBRUKET



## MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 1

februar

2020

### UT PÅ TUR I VINDAFJORD

I denne utgåva er tema for biledserien ut på tur i Vindafjord, og mange fine turmål.



Gråhorgjo med utsikt Bjoa Foto: Ingrid Johannessen

### INNSAMLING AV LANDBRUKSPLAST

Innsamling skjer 2. og 3. april. Sjå også annonse i Grannar. Levering må skje tett opp til annonsert dato, slik at ein unngår plast på avvegar. Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

### PRODUKSJONSTILSKOT DEL 1 - HUGS SØKNADSFRIST 15. MARS

Teljedatoen er 1. mars, og frå den dagen er det mogleg å legge inn søknaden. Det er lurt å sende inn søknaden i god tid innan fristen. Når du har sendt inn søknaden er det viktig at du hugsar å siekke kvitteringa di i Altinn, ta alltid kontakt dersom du er i tvil om noko. Me er å treffe i kontortida på Teknisk bygg, Sandeid, dersom du har spørsmål / treng hjelp med registrering.

### PRODUKSJONSTILSKOT

Me vil også dette året ha fokus på at areal som blir omsøkt skal vere i drift i søknadsåret. Me kjem til å kontrollere areal i vekstsesongen. Årleg gjødslingsplan og «vanlig jordbruksproduksjon» i sauehaldet blir det også fokus på. Har du spørsmål kring dette, kan du ta kontakt med Sissel Lilleland på tlf. 53 65 61 30.

### AVLØYSARTILSKOT VED SJUKDOM OG FØDSEL – SØK ELEKTRONISK VIA ALTINN

Dersom du treng hjelp med å søkje elektronisk, kan du ta kontakt med avløysarlaget eller rekneskapsføraren din. Du kan også ta kontakt med Sissel Lilleland i kommunen for å få hjelp til å registrere søknad.

### AVLØYSARTILSKOT VED SJUKDOM OG FØDSEL – IKKJE LENGER KRAV TIL POSITIV NÆRINGSINNTEKT

Frå 1. januar 2019 er det ikkje lenger eit krav at brukaren har positiv næringsinntekt for å motta avløysartilskot ved sjukdom eller svangerskap. NB! Ektefelle / sambuar må framleis ha positiv næringsinntekt på  $\frac{1}{2}$  G for å kunne søkje tilskot. Ta kontakt med Sissel Lilleland for nærmere informasjon.

### AVLØYSING FERIE- OG FRITID / AVLØYSING UNDER SJUKDOM – GODKJENT DOKUMENTASJON

Eksempel på godkjent dokumentasjon for avløysarutgifter er til dømes;

- årsoppgåve frå avløysarlaget
- a-melding frå altinn
- bankbilag og faktura

## Døme på godkjend arbeidshjelp:

- stell av dyr
- saueklipping
- kluvskjering
- gjerdehald
- jordarbeiding
- snekkerarbeid (gardsdrifta)
- rundballepressing

## Døme arbeidshjelp som ikke kan godkjennast:

- dyrlege
- direktighetskontroll
- rekneskapsførar
- utgifter til elektrikar
- bilmekanikar

Det er kun **lønsutgifter til personen som utfører arbeidet** som blir dekkja, så fakturaen **må spesifisere kor mange timer som er gått med og kor mykje av rekninga som er lønsutgifter.**

Ta kontakt med Sissel Lilleland eller Anne Karin Langeland dersom du er i tvil.

## NYTT FRÅ INNOVASJON NORGE I 2020

Fornying av fjos 15 – 30 mjølkekyr har spesielt høg prioritet. Maks tilskotssats er på 2.mill, men dersom du bygger i tre, kan du i tillegg få inntil kr. 400 000 ekstra.

Treng du nytt sauehus, og har tenkt å bygge i tre, så kan du få tilskot

Ved generasjonsskifte kan også nye ungdyrfjøs og oppgraderingar av eksisterande anlegg for storfe, inkludert velferdsavdelingar, få tilskot.

Ta kontakt med Signe T. Jensen tlf. 53 65 61 32 for meir informasjon.

## REKO-RINGEN HAUGALANDET

Er du nyskjerrig på å selga produkter frå garden direkte til forbrukar? Reko-ringen har starta opp på Haugalandet og er godt i gang! Reko-ringen gjev utmerka moglegheit til å testa ut markanaden og ein enkel måte og få seld produktet til forbrukar på. Utleveringsstad har vore i Haugesund.



**Reko-ringen** fungerer som eit matfellesksap for eit avgrensa geografisk område. Bestilling og marknadsføring skjer i lukka Facebook- grupper som alle kan melda seg inn i. Matprodusentar og kjøparar møtest til avtalt tid for utlevering av det som kjøpar har bestilt via Facebook. Gruppen avtaler tid og stad for møte. Ved utlevering betalar forbrukar for sitt produkt direkte til produsenten. I praksis fortel matprodusenten om tilbodet på Facebook- veggen i ei annonse og opnar for moglegheit til å bestilla produkter. Forbrukar kommenterer kva kvantum han ynskjer, og godtar å plukke opp produktet til den prisen som er angitt.



Skomakernibba med utsikt mot Vikedal sentrum.

## MILJØAVTALE SKJOLDAFJORDEN

Alle landbruksføretak som driv i nedslagsfeltet til Skjoldafjorden i Vindafjord og Tysvær har moglegheit til å inngå Miljøavtale med kommunen. Miljøavtalen har som hensikt å redusere tap av næringsstoff til vassdraga, og skal fungera som ein ekstra motivasjon for å gjere gode tiltak på sitt gardsbruk. Dei landbruksføretaka som inngår miljøavtale kan søkjer om ekstra tilskot for miljøavtale via Regionalt miljøtilskot (RMP).



Utsikt mot Skjoldafjorden

Foto: Siri Nonslid

Avtalen gjeld for ein avgrensa periode, totalt seks år. Trinn 1 gjeld for perioden 2020-2022, mens trinn 2 gjeld perioden 2023-2025. For å få tilskota, må miljøavtalen vere inngått før vekstsesongen og gjødsling byrjar gjeldande år. Det vil seie om ein til dømes ikkje inngår miljøavtale før juni 2020 og ein allereie har gjennomført tiltak som ikkje samsvarer med vilkår i miljøavtalen, er det først frå vekstsesongen 2021 avtalen gjeld og ein får rett på tilskot til miljøavtale i RMP.

Landbruksføretaket må følgje generelle vilkår for RMP, samt nokre tilleggspunkt for å ha rett på tilskot.

Kva inngår i Miljøavtale:

- Avtalen gjeld dyrka mark (fulldyrka/overflatedyrka) i nedslagsfeltet til Skjoldafjorden.
- Det er krav i produksjonstilskot at ein ikkje kan jordarbeide ei 2 meter vegetasjonssone mot alle vassdrag og kanalar. I miljøavtalen må det i tillegg setjast av ei kantsone mot vassdrag der ein ikkje gjødstrar verken med husdyrgjødsel eller kunstgjødsel.
  - Åker: 6 meter brei
  - Eng: 4 meter brei
- Ikkje haustploying, med unnatak om etablert nytt plantedekke innan 1 september same vekstsesong.
- Gjennomføre eitt miljøbesøk på driftseininga i avtaleperioden
- Ta prøve av husdyrgjødsla første år i avtalen, samt ha jordprøve ikkje eldre enn 5 år. Dette for å stadfeste kva næringsinnhald og vassinnhald som er i eigen husdyrgjødsel og fosforinnhald i jorda på aktuelle teigar. Resultata skal sendast til kommunen.

- Føre årleg gjødslingsjournal over gjødslingspraksis på aktuelle område (spreiietidspunkt, spreiemengd, spreiemetode osv), som òg skal sendast kommunen
- Fosforgjødsling per dekar skal skje på bakgrunn av info ein får frå gjødsel- og jordprøve.

Har ein inngått miljøavtale må ein kanskje justere dagens gjødslingspraksis, avhengig av kva resultat ein får frå jord- og gjødselprøve.

Ved gjødsling på jord med **P-AL > 7** skal fosforgjødslinga ikkje overstige følgjande nivå:

Kultur	Øvre grense for bruk av fosfor
Gras	3,0 kg. P/daa
Korn u/halmfjerning	1,4 kg. P/daa
Korn m/halmfjerning	2,0 kg. P/daa
Potet	3,5 kg. P/daa
Kål	2,1 kg. P/daa
Gulrot	3,5 kg. P/daa

- Ved **P-AL > 10** kan ikkje mineralgjødsel med fosfor nyttast for gras. Det kan heller ikkje nyttast slam eller kjøtteinmjøl.
- Ved **P-Al < 7** kan føretaket gjødsle etter ordinær gjødslingsplan.

Siste frist for å spreie fosforgjødsel er **10. august** uavhengig av spreiemetode

Førebels berekna tilskotssatsar:

**Ugjødsla kantsone eng (minst 50 meter):** 7 kr pr løpmeter

**Grasdekt sone åker, (minst 50 meter):** 30 kr pr løpmeter

**Miljøavtale, (maks 50 000kr pr.føretak)**

- trinn 1 (2020-2022) 60 kr pr. dekar dyrka/overflatedyrka
- trinn2 (2023-2025) 50 kr pr. dekar dyrka/overflatedyrka

For spørsmål; ta kontakt med Emilie Moi Eikje tlf 93216339,  
[emilie.moi.eikje@vindafjord.kommune.no](mailto:emilie.moi.eikje@vindafjord.kommune.no)  
Harald Olav Stuhaug tlf 99236114



Likvik i Skjold

Foto: Sverre Emil Grunnaleite.

### **Effektiv bruk av husdyrgjødsla og tilskotsordnigar gjennom RMP:**

Husdyrgjødsla er ein viktig ressurs for landbruket i kommunen og denne må nyttast optimalt og i minst mogeleg grad bli eit forureingsproblem.

Kantvegetasjon til vassdrag er eit **krav** og eit minimum av hinder for å redusere faren for avrenning til vassdrag. **Denne kan vedlikehaldast, men ikkje fjernast, dette er viktig.** Med vedlikehald blir meint ei tynning av trevegetasjon og fjerning av vegetasjon som ligg ut i vassdraget.

**Ugjødsla randsone på fulldyrka areal – 4 meter brei (gir støtte gjennom RMP)** er nyttig for å unngå avrenning av næringsstoff til vassdrag. **NB.** Det er viktig å ha med seg at den støtta som blir gitt gjennom RMP-ordninga for ugjødsla randsone dekker godt opp for den avlingsreduksjonen ein får på arealet.

**Miljøvennleg gjødselspreiing av husdyrgjødsel (gir støtte gjennom RMP)** er i følgje ein rapport frå NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) «*det mest effektive tiltaket som fører til reduserte utslipp av ammoniakk*».

Fordelene er mange:

- betre utnytting av næringsstoffa i gjødsla
- mindre utslepp til luft
- **større fleksibilitet i forhold til vind og lengde på gras**
- ved bruk av slange også mindre køyreskader
- **effektivt og lettare å leige sidan fleksibiliteten er større i høve til kva tid ein kan spreie**

- til slutt må det presiserast at det tilskotet ein får ved bruk av denne spreiemetoden er betydeleg. Har ein bra med areal sjølv eller kan gå saman med andre kan årleg tilskot forrente kjøp av ein del utstyr eller

dekke ein god del av kostnaden med leige av spreiing.

### **Vilkår for tilskot:**

- **årlig gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og mengd gjødsel pr. dekar.**
- **siste frist for spreiing er 10. august.**

### **TILSKOT TIL GRØFTING OG SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)**

Ta kontakt med Harald-Olav Stuhaug på tlf. 99 23 61 14 dersom du har planar om grøfting eller andre tiltak som høyrer inn under desse ordningane.

Ordninga med grøftetilskot gjeld jordbruksareal som har vore grøfta tidlegare, men treng oppattgrøfting. For planerte areal er det ikkje krav om at arealet har vore grøfta tidlegare. Maks 2000 kroner pr. dekar eller 30 kroner pr. meter grøft.

Det må søkjast elektronisk på eige skjema, eit for grøfting og eit for SMIL-ordninga. Skjema finn du ved å gå inn på [altinn](#) og rubrikken «nytt skjema» søker på SMIL eller drenering. Ingen fast søknadsfrist. Ta kontakt om du treng hjelp

### **LANDBRUKSPLAST OG FORUREINING**

Dette er eit tema vi kjem attende til med jamne mellomrom og som er kjelde til ein del frustrasjon og negative tilbakemeldingar inn til kommunen. Alle som handterer landbruksplast har eit ansvar for at denne blir handtert på ein måte som gjer at han ikkje havnar på stader der han høyrer heime.

Returordninga gjennom Gangstø Transport fungerer godt og må nyttast. Det blir innbetalt avgift ved kjøp av plasten og dette skal dekke opp for kostnaden ved returordninga.

### **Foring med rundballar ute og kva skjer med plasten?**

Vi ser ein del foring med rundballar ute der ballen blir plassert på «foringsplassen» utan at all plast blir fjerna. Ved ei slik foring er det krevjande å unngå landbruksplast på avvegar og det er i alle fall behov for svært gode rutinar for oppsamling. Plast vil bli trakka ned i søla

eller tatt av vinden. Vi oppmodar alle som forar med ein slik praksis å vera spesielt merksame på handteringa av plasten. Det aller beste vil vera foringskorg der ein får bort plasten før foring – dette som ei oppfordring.

Landbruksplast på avvegar er ei kjelde til negative reaksonar mot landbruket og dette er næringa ikkje tent med.

## HAR DU GJØDSLINGSPLANEN FOR 2020 KLAR?

Føretak som disponerer meir enn 5 gjødseldyreiningar skal ha årlig gjødslingsplan. All bruk av husdyrgjødsel på jordbruksareal skal inngå i planen.

Føretak som disponerer mindre enn 5 gjødseldyreiningar kan ha 5-årig gjødslingsplan, men dette må vere godkjent av kommunen.

Ein gjødslingsplan skal omfatta alt jordbruksareal som føretaket disponerer og skal vise gjødslingsbehov etter jordprøveresultata og kva som er planlagd av gjødsling.

Endringar i bruk av gjødselslag på dei ulike skifta må gå fram av planen. Gjødslingsplanen skal også innehalde kart som viser skifteinndelinga og eit notat med skiftenorteringar. Det finnes også digitale løysingar som skifteplan på mobil og Agrilogg.

Mangelfull gjødslingsplan kan medføre trekk i produksjons-og RMP-tilskotet.

Ein god gjødslingsplan vil i tillegg gi grunnlag for rett utnytting av næringsstoff og avling av god kvalitet. Som ekstra bonus kan ein god gjødslingsplan spare deg for store beløp årlig, ved å tilpasse gjødslinga og gjødseltypar betre.

## HAR DU NOK SPREIEAREAL?

Føretak som har og/eller disponerer husdyrgjødsel må sjølv sikre at husdyrgjødsela i praksis blir nytta som ein ressurs på godkjend spreieareal.

- Alle bruk skal ha **minimum 4 dekar** fulldyrka jord pr.gjødseldyreining (GDE).
- Fulldyrka og overflatedyrka jord er automatisk godkjent som spreieareal.

- Kommunen kan etter **søknad godkjenne** innmarksbeite som spreieareal.
- Ved leige av spreieareal må det foreligge skriftleg avtale mellom leverandør og mottakar av husdyrgjødsela. Det må også leverast kvittering for ferdig utkjørt husdyrgjødsel. Denne må kunne leggjast fram ved kontroll.

## ER INNMARKSBEITET DITT GODKJENT SOM SPREIEAREAL?

Alt godkjent spreieareal i innmarksbeite er digitalisert og tilgjengelig på <https://www.temakart-rogaland.no/spreieareal>. Her kan du sjekke kva som er registrert på ditt bruk, skriv inn gnr/bnr og velg temalag: spreieareal innsyn. Hugs at godkjent spreieareal i beite skal takast med i berekninga i gjødselplan.

Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38 dersom du ønsker å få godkjennt innmarksbeite som spreieareal.



Våbrekkefjell - den vetele tjørna på toppen.  
Foto: Roald Årvik

## GARDSKART –

Hugs å sjekke at innteikningane i gardskartet er rett på dei eigedommane som du disponerer. Areala av dei innteikna teigane som er i bruk, er grunnlaget for kva som kan søkjast om i produksjons-tilskot i jordbruket (oktober - omgangen). Det er difor viktig at du får oppdatert gardskart dersom det er endringar, slik at karta er rett til ei kvar tid.

Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38 dersom det er endringar eller spørsmål angående arealet.



Stråtevit.

Foto: Jon Olav Velde

## FELLINGSRESULTAT – jakta 2019:

Etter reduksjon av minstearealet for hjort våren 2019 vart det tildelt 1038 fellingsløyve for hjort til jakta 2019. Av desse vart det felt 865 hjort (83,3%). Tal felte dyr i 2018 var 726, og 681 i 2017. Det meste som er felt av hjort i Vindafjord tidlegare er 817 dyr i 2007.

Det vart felt 114 rådyr i 2019, mot 111 i 2018, 128 i 2017 og 141 i 2016. Det meste som er felt av rådyr i Vindafjord er 187 dyr i 2009.

## SØKNADSFRISTER jakta 2020 :

Godkjenning av nye vald og bestandsplanområde, endring av vald, fråvik frå minstearealet, godkjenning av bestandsplanar: **1. mai**



Roaldskvamnuten med utsikt mot Fjellgardsvatnet i Vikedal Foto: Nils Bakkedal

## SETT HJORT 2019

Kommunen har mottatt mange Sett hjortskjema og slaktevekter, både på papir, e-post og på [www.settogsukk.no](http://www.settogsukk.no). Det er stadig fleire som vel å nytte settogsukkappen. Takk til alle som har levert data! Det er ikkje for seint å leverere, om du har nokre skjema du har gløymt å sende. Dataa vil bli registrert i Hjorteviltregisteret, og vert nytta i forvaltninga. Registeret er ope for alle på internett ([www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no)). Der finn du

Sett hjort- resultata og slaktevektene for 2006-2018. Dataa for 2019 er under registrering.

Av dei rett utfylte skjema som vart registrert på [settogsukk.no](http://settogsukk.no) eller innsendt innan fristen, har kommunen trekt ut 5 vinnrarar som vil motta ein bokpremie i posten.



Ørevikvegen – Imsland

## AKTIVITET I SKOGBRUKET 2019

I 2019 er det innmeldt i virkesdatabasen (VSOP) avverking av **25795m<sup>3</sup>** virke til ein verdi av **kr. 10.231.068**. Av dette utgjorde gran 21899m<sup>3</sup> (85%) og furu 3804m<sup>3</sup> (15%). Det vart også innmeldt 92m<sup>3</sup> vedvirke/energivirke til flis. Gjennom året vart det planta etter hogst på 168 dekar. I tillegg vart det supplert på 320 dekar. Det vart utført ungskogpleie på 58 dekar.

## SKOGPLANTING 2020

Det vert stadig meir vanleg at plantearbeidet vert utført av profesjonelle aktørar, som tar seg av både plantebestilling og plantearbeidet. Ofte vert avtale om planting inngått i samband med avtalen om hogst.

Dersom du har hatt bartrehogst **vinteren 2019 eller tidlegare** og ikkje har gjort avtale om planting, må du vere snar til å bestille. Ta kontakt med entreprenør eller kommunen så snart som råd. Dersom du tenker å plante sjølv, ta gjerne kontakt med kommunen om bestilling og val av proveniens. Vi har også noko planteutstyr til utlån.

**Hugs at hogstflaten må vere sett i ny produksjon innan 3 år etter hogst.**

Tidleg vårplanting gir plantene ein god start med lang vekstsesong og god tid til å etablere eit robust rotssystem før vinteren. Tidleg haustplanting kan vere eit alternativ. Med **tilskot og bruk av skogfond** (85% skattefri del ved investering i skog) er

etablering av ein ny generasjon gran, noko av det mest lønsamme du kan gjere i eigen skog!

I tillegg til NMSK-tilskotet kan du søkje om det særskilte tilskotet til tettare planting som klimatiltak, der satsen for 2020 er inntil 60% for inntil 50 planter pr. dekar som vert sett utover eit minstetal, avhengig av bonitet. (Les meir på <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/ei/endom-og-skog/skog-og-klima/tetttere-planting>). For den delen som NMSK-tilskotet vert rekna av, gir kommunen inntil 15%. Til supplering vert det i 2020 gitt 20% «klimatilskot» til det som er naudsynt for å oppnå tilfredsstillande tettleik på flata. Dette kjem i tillegg til NMSK og kommunalt tilskot.

Søknad om tilskot kan leverast digitalt via «Skogfond på nett» eller på skjema til kommunen innan 1. aug for vårplanting og 7. nov for haustplanting.  
Kontakt Gitte Halvorsen, tlf. 53 65 61 29, for råd og info.

### UNGSKOGPLEIE

Når ny forynging er etablert på ei hogstflate, er det viktig å halde kontroll på konkurrerande vegetasjon. Planter som vert ståande for lenge under annan vegetasjon, vil begynne å sture, ev. få skadar på toppskot/greiner eller i verste fall døy. **Produksjonstapet i den tida dei står undertrykte vil aldri takast igjen og tida fram til hogstmodne tre vert forlenga.** Det er derfor svært viktig å følgje opp plantefelta med ungskogpleie i rett tid.



Olaia ein fin haustdag.

Med tilskot og høve til bruk av skogfond med skattefordel er avstandsregulering og lauvrydding av det mest lønnsame ein kan gjere i eigen skog. Det er også lønsamt for samfunnet og positivt for klimaet.

Ungskogpleie kan utførast heile året, så lenge det ikkje er mykje snø.



Langs Rødneelva. Foto: Gro Heggebø

### TILSKOT TIL SKOGSVEGAR OG BANEDRIFT

Fra 01.01.2020 er myndet til å gjere vedtak om tilskot til skogsvegar og banedrift overført fra Fylkesmannen til kommunane. Det er under utarbeiding framlegg til felles retningslinjer for alle kommunane i Rogaland ut frå same leid som tidlegare. Føresetnad for å søke om tilskot, vurdering og prioritering av anlegg vert om lag som før. Det gjenstår framleis nokre detaljar før prosedyrane er heilt på plass.

### KURS OM SKOGSVEGAR

Skogbrukets kursinstitutt (Skogkurs) skal halde 3 kurs om skogsvegar 11., 12. og 13. mars i Sandeid.

**Målgruppe:** entreprenørar, skogeigarar, bønder og andre frå Nord-Rogaland og Sunnhordaland

Kurs 1. Bygging av skogsbilvegar – for entreprenørar

Kurs 2. Organisering av veglag – for deg som er medeigar i landbruksveg

Kurs 3. Vegvedlikehald

Informasjon og påmelding:


[https://www.skogkurs.no/artikel.cfm?id\\_art=28354](https://www.skogkurs.no/artikel.cfm?id_art=28354)

**Påmeldingsfrist: 08.03.2020**

Arr.: Skogkurs, Fylkesmannen i Rogaland og Vindafjord kommune

# Eining Areal- og forvaltning:

Namn	Hovedoppgåver
	<b>Erle Mæland Aasheim</b> Tlf. 53 65 61 20 E.post: <a href="mailto:erle.maeland.aasheim@vindafjord.kommune.no">erle.maeland.aasheim@vindafjord.kommune.no</a>
	<b>Signe Theilmann Jensen</b> Tlf. 53 65 61 32 E.post: <a href="mailto:signe.theilmann.jensen@vindafjord.kommune.no">signe.theilmann.jensen@vindafjord.kommune.no</a>
	<b>Harald Olav Stuhaug</b> Tlf. 53 65 61 37 / 99 23 61 14 E.post: <a href="mailto:harald.olav.stuhaug@vindafjord.kommune.no">harald.olav.stuhaug@vindafjord.kommune.no</a>
	<b>Sissel Lilleland</b> Tlf. 53 65 61 30 E.post: <a href="mailto:sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no">sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no</a>
	<b>Alf Ole Bull-Tornøe</b> Tlf. 53 65 61 22 E.post: <a href="mailto:alf.bull@vindafjord.kommune.no">alf.bull@vindafjord.kommune.no</a>
	<b>Anne Karin Langeland</b> Tlf. 53 65 61 38 E.post: <a href="mailto:anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no">anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no</a>
	<b>Gitte P. Halvorsen</b> Tlf. 53 65 61 29 E.post: <a href="mailto:gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no">gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no</a>

<b>Utgjevar: Landbrukskontoret</b> <b>Redaktør: Sissel Lilleland</b> <b>Kommunen si heimeside:</b> <u><a href="http://www.vindafjord.kommune.no">www.vindafjord.kommune.no</a></u> <b>Tlf. 53 65 65 65</b>		<b>VINDAFJORD KOMMUNE</b> <b>Eining Areal- og forvaltning</b> <b>Østbøvegen 2</b> <b>5585 SANDEID</b>
--	---	--